



FISKERIDIREKTORATET

Adm.eining: Kyst og havbruksseksjonen i region Vest

Sakshandsamer: Ingerid Bjørkevoll

Telefon: 91393269

Vår referanse: 19/18078

Dykkar referanse: 19/1175 - 19/24102

Dato: 20.01.2020

Meland kommune
Att: Ingrid Raniseth
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Meland kommune Hordaland - uttale til områderegulering for Midtmarka og Rotemyra

Syner til brev frå Meland kommune (no Alver kommune) om ovanfor nemnde sak. Føremålet med planarbeidet er å utvikle ein bystruktur som kan binde saman kommunesentera Frekhaug og Knarvik til ein regional småby.

Konklusjon

Vi vil be om at perioden det ikkje skal sprengast under arbeidet med detaljreguleringsplanar vert utvida til å inkludere februar og mars. Der røyrleidningar skal leggjast i sjø må dei leggjast på ein slik måte at dei ikkje heftar fiskereiskap.

Fiskeri

Vi har registrert tre kaste- og låssettingsplassar innanfor eller nær planområdet, som er satt av til same formål i arealplanen for kommunen. To av desse som er i Nordra- og Sørø Eidavika, er med i områdeplanen for Midtmarka og Rotemyra. Den tredje som er Maurisviki, er ikkje med i områdeplanen, men her går ikkje planen ut i sjø. Vi har også registrert ein kaste- og låssettingsplass i Skitnedalsvika som ikkje er med i arealplanen eller områdeplanen. Fiskarlaget Vest har sagt i uttale av 20.04.2015 at dei kan avsjå denne kaste- og låssettingsplassen dersom dei andre låssettingsplassane er med. I føresegnene står det at det ikkje skal gis løyve til tiltak som er til ulempe for kaste- og låssettingsplass innanfor område. Vi er derfor nøgde med behandlinga av kaste- og låssettingsplassane.

Vi vil vise til § 27 i havressurslova der det står at *«det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde i land eller oppankra på annan måte.»*

Marint biologisk mangfald

Vi har registrert eit gyteområde for torsk i Flatøyosen. Det står i føresegnene at det ikkje skal sprengast mellom april og juni av omsyn til fugl og pattedyr. Vi vil be om at det ikkje sprengast mellom februar og juni særleg i område nær sjøen. Det har dei siste åra vore nedgang i bestandane av kysttorsk og det er derfor viktig å ta omsyn til torsken sine gyteområde. Kysttorsken gyt i perioden januar-februar til april og yngelen bunnskår og veks opp i grunne område (0 – 20meter) i nærleiken av gytefeltet i perioden mai – juni. I dette tidsrommet er fisk og yngel ekstra utsett for ytre påkjenning, yngelen er særleg ømfintleg for steinstøv/partiklar frå sprenging og utfylling, og torskefisk er ekstra utsett for påverknad frå sprenging fordi dei har lukka svømmeblære.

Vatn og avlaup (VA)

Det står i føresegnene som krav til detaljreguleringsplanar, at det skal utarbeidast ein ny rammeplan for VA. Denne skal vise tiltak for å hindre forureining av vatn og vassdrag i anleggsperioden. Vidare skal det takast omsyn til om utslepp av oppsamla overvatn utgjer ein risiko for auka forureining. Dette tykkjer Fiskeridirektoratet region Vest er positivt.

Der røyrleidningar skal leggjast i sjø må dei leggjast på ein slik måte at dei ikkje heftar fiskereiskap.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:
Meland kommune

Postboks 79

5906 FREKHAUG



